

## **Vedlegg 1 til aksjonæravtale - Linja AS**

**VEDTEKTER**  
**FOR LINJA AS**  
**(Dato)**

1. Selskapet sitt namn er Linja AS.
2. Selskapet skal ha forretningskontor i Ålesund, Dragsund og Florø.
3. Selskapet sitt føremål er å eige, utvikle, byggje og drifta nett for overføring av elektrisk energi, samt å delta i relaterte verksemder og selskap.
4. Aksjekapitalen er kr 634 960 000, fordelt på 15 874 aksjar à kr 40 000.
5. Selskapet sine aksjar er underlagt forkjøpsrett.
6. Selskapet sitt styre skal bestå av inntil 10 medlemmer. Inntil 6 medlemmer med personlege varamedlemmer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 4 medlemmer med personlege varamedlemmer veljast av og blant dei tilsette etter aksjelova sine reglar.
7. Selskapets firma vert teikna av dagleg leiar og styreleiar i fellesskap.
8. Den ordinære generalforsamling skal handsame: Godkjenning av årsrekneskapen og årsberetninga, herunder utdeling av utbyte samt andre saker som etter lova eller vedtekten høyrer under generalforsamlinga.
9. Vesentlige avgjerder for selskapet skal treffast på generalforsamlinga dersom ikkje noko anna er fastsett i lov. Slike avgjerder krev tilslutning frå meir enn 70 % så vel av dei avgitte stemmene som av den aksjekapital som er representert på generalforsamlinga.

Som vesentlege avgjerder vert rekna vedtak som minst krev fleirtal som for vedtektsendringar.

10. Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret finn det naudsynt. Likevel skal generalforsamlinga innkallast når aksjonærar som representerer minst ein tiandedel av aksjekapitalen, eller revisor skriftleg krev det og samtlege oppgjev kva for emne som er ynskt handsama.
11. Innkalling til ordinær og ekstraordinær generalforsamling skal skje med minst 14 dagars varsel.
12. For øvrig vert det vist til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.